

# Raudspette



## I NORDSJØEN/SKAGERRAK

**Raudspette** – *Pleuronectes platessa* – Plaice

**Familie:** Pleuronectidae (flyndrefamilien)

**Andre namn:** Flyndre

**Maks storleik:** 70 cm og 3,5 kg

**Levetid:** Meir enn 20 år

**Leveområde:** Nordsjøen og Skagerrak

**Gyteområde:** Sentrale og sørlege Nordsjøen

**Gytetidspunkt:** November–mai

**Føde:** Botndyr

### Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2016 (landingar): 143 480 tonn

TOTALKVOTE / NORSK KVOTE 2016:

131 714 / 9 220 tonn (Nordsjøen)

11 766 / 235 tonn (Skagerrak)

TOTALFANGST 2014: 133 623 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2014: 6,37 mill. kroner

### Status og råd


ICES vurderer bestanden til å vere i god forfatning og berekraftig hausta. Bestanden er godt innafor føre-var-grensene og har auka dei siste åra til eit rekordhøgt nivå. Fiskedøyingssraten har vore rundt nivået for høgt langtidsutbytte dei siste åra. Rekrutteringa har vore om lag som langtidsmiddelet sidan midten av 2000-talet.

Rådet er no for Nordsjøen og Skagerrak kombinert og er basert på kvotar i 2015 for begge områda og ikkje på eit ICES-råd. Dersom ei MSY-tilnærming hadde blitt fulgt, ville kvoten blitt redusert med 22 %.

EU disponerer 93 % og Noreg 7 % av totalkvoten i Nordsjøen, og i Skagerrak disponerer EU 98 % og Noreg 2 %. Nordsjøkvoten i 2015 var 138 432 tonn, og av dette gjekk 8 887 tonn til Noreg.

### Fiskeri

Raudspette vert mest fiska med bomtrål i sørlege- og sentrale delar av Nordsjøen og i eit blandingsfiskeri med botntrål i dei sørlege delane av Nordsjøen der målarten er tunge. Det føregår eit omfattande utkast av undermåls raudspette. Dei siste åra har bomtrålfiskeriet flytta seg til kysten, mest sannsynleg som ein respons på innføring av fiskerestriksjonar, auke i drivstoffprisane og endra kvotar for målartene.




### Fakta om bestanden:

Raudspette finst i det austlege Atlanterhavet frå Barentshavet i nord og sørøver til Middelhavet og kysten av Afrika. Arten er delt i ei rekkje bestandar, og bestanden i Nordsjøen er den klart største. Raudspetta finst ned til om lag 200 meter, og kan bli opptil 1 meter og 7 kilo, men er sjeldan så stor.

Gytefeltet for nordsjødelen av bestanden er i dei sentrale og sørlege delane av Nordsjøen. Det går føre seg ei vandring mellom desse gyteområda og leveområda lenger nord i Nordsjøen, og noko av denne vandrainga skjer pelagisk. Gyting ved Skagen og mot sørvestlege Skagerrak er førebels dårleg dokumentert. Larvedrifta er varierende med vær og vind, og frå første leveåret finst larvane på grunne (0–3 meter) sanddyner, medan raudspetta seinare i livet held seg djupare og vandrar lite. Ein stor del av den umodne raudspetta i Skagerrak stammar frå gytefeltet i Nordsjøen. Skagerrakbestanden viser større vandring enn den delen som lever i Nordsjøen, og også ein del av den vaksne bestanden vandrar austover mot nordre Kattegat.

Vaksen fisk er børstemakk, skjell, manetar, krepsdyr, pigghudingar og små fisk.



**Bestand og fangst (inkludert utkast) av raudspette i Nordsjøen/Skagerrak.**  
Stock size and catch (including discards) of plaice in the North Sea and Skagerrak.